

**Knallopning med 9-0 - og 5 frå Uskedalen**

22.04.2012

**Herrelaget til Rosendal, som fristar tilveret i 5. divisjon, gjekk på ein smell med 5-0 i sesongstarten laurdag. Gjestane frå Fitjar vann lett. Men i ettermiddag har kvinnelaget som er i 4. divisjon meir enn retta opp statistikken md 9-0 over Frøya - også dei på heimebane, Dei hadde 5 uskedelingar på laget.**

Dei var Katrine Yri Røssland, Gøril Samland Eik, Kari Bråtun, Anette Sandnes og Anita Simensen. Med andre ord har Uskedalen nesten halve laget.

Som tala fortel var kampen eit samanhengande kjøer mot gjestane og keeper Katrine var stort sett arbeidsledig. Dei ballane som nærma seg mål plukka ho opp i kjent stil og gav uttrykk for situasjon slik: Eg håpar det ikkje blir like tregt i dei andre kampene i serien.

Av måla scora Anette 2 og Gøril 1. Nokre saknar kanskje Ingebjørg Haugland på statistikken etter ein knallbra målhaust i fjor, men i år spelar ho ut sitt talent på jentelaget som også skal vera særdeles bra.

Også på gutesida, nærare bestemt kulla 1998 og 1999 er det vellukka kombinasjonar av Rosendal og Uskedalen i denne sesongen og ein ventar seg mykje av dei - ikkje minst i det rekordstore Norway Cup.

Tekst oig foto: Ola Matti Mathisen